



Sunnfjord kommune

Økonomisk situasjon Sunnfjord kommune

Sunnfjord formannskap 16.01.2020

Samla status

Kommunane Førde, Naustdal, Gaular og Jølster er samanslått til Sunnfjord kommune frå 01.01.2020.

Kommunestyret i Sunnfjord vedtok 11. desember 2019 budsjett og økonomiplan for perioden 2020-2023. Den økonomiske situasjonen for Sunnfjord kommune er svært krevjande og kan oppsummerast til ei budsjettutfordring på ca. 40 mill. kroner med forklaring i avsnitta nedanfor. Nesten 70 % av budsjettet utgjer løn til tilsette. Det er derfor svært krevjande å handtere denne budsjettutfordringa i 2020.

Inntektsutjamnande tilskot

- budsjettavvik i 2020 på 4 mill. kroner

Inntektsutjamninga omfordeler skatteinntekter mellom kommunar. Tidlegare berekningar og oppdaterte tal over inntektsutjamninga i Førde, Jølster, Gaular og Naustdal for 2019 viser at Sunnfjord kommune taper ca. 8 mill. kroner i samla rammetilskot og skatteinntekter frå 2019 til 2020.

Sunnfjord kommune forventar full kompensasjon for dette tapet, men har av forsiktigheitsomsyn kunn budsjettert delvis kompensasjon på 4 mil kr. Pr. januar 2020 er kompensasjon for tap framleis ikkje avklart og Sunnfjord kommune har derfor ei budsjettutfordring på 4 mill. kr.

Eigedomsskatt

- kort om endringar i regelverk

Endringar som gjeld alle kommunar som har eigedomsskatt:

- Stortinget har vedteke at maksimal skattesats for bustad og fritid vert redusert frå 7 til 5 promille i 2020.
- Stortinget har også vedteke at det vert innført ein obligatorisk reduksjonsfaktor på 30% på skattegrunnlaget for bustad og fritidseigedommar.
- Det er framlegg for 2021 at maksimal skattetas for bustad og fritid blir redusert ytterlegare frå 5 til 4 promille. Denne ordninga er ikkje vedtatt i Stortinget.
- Vidare er det vedteke at ein maksimalt kan auke skattesatsen med 1 promille-poeng frå eitt år til eit anna.

Eigedomsskatt

- kort om endringar i regelverk

Endringa som berre gjeld samanslåingskommunar:

- Det blir innført ein overgangsperiode på inntil tre år rekna frå 2020 eller 2021. I løpet av denne perioden skal skattesatsen (promillen) harmoniserast for dei kommunane som slår seg saman.
- Skattesatsen skal aukast jamt i overgangsperioden med inntil 1 ‰ for bustadar og fritidsbustadar og 2‰ for andre eigedommar.
- Denne ordninga erstattar den opprinnelege forskrifta som sa at kommunane kunne vidareføre eigedomsskatteregima sine i to år, og at ein innan den tida måtte ha vedtatt eit nytt, harmonisert regime for eigedomsskatt i den nye kommunen. I denne ordning låg det ikkje spesielle føringar ut over det som gjeld generelt i eigedomsskattelova.
- Finansdepartementet tolkar den nye lovparagrafen slik at det ikkje er høve til kontorjusteringar av gamle takstar i overgangsperioden.
- Ev. botnfrådrag skal vere harmonisert frå første året i overgangsperioden.

Eigedomsskatt

- budsjettavvik i 2020 på inntil 5,8 mill. kroner

Sunnfjord kommune har hatt som føresetnad for budsjettert eigedomsskatt i 2020 å ha like store inntekter frå eigedomsskatt som dei fire kommunane har budsjettert i 2019, dvs. 75 mill. kroner. Dette for å kunne vidareføre gjeldande tenestenivå i ny kommune.

Den nye lovreguleringa av eigedomsskatt for samanslåingskommunar rammar Sunnfjord kommune hardt.

Eigedomsskatt

- budsjettavvik i 2020 på inntil 5,8 mill. kroner

I etterkant av budsjettvedtaket i desember har vi gjennom Eigedomsskatteforumet i KS fått nye opplysningar som gjer at budsjettføresetnadane ikkje er reelle.:

- Det er lagt til grunn kontorjustering på 10 % for kommunane Førde, Gaular og Jølster ettersom dei har takstar som er eldre enn 10 år. Det er ikkje høve til å kontorjustere takstane i desse tre kommunane. Det bety at skattegrunnlaget for bustad og fritid blir redusert med 909 mill. kroner og skatteinntektene blir 2,0 mill. kroner lågare enn budsjettert i desember 2019.
- I budsjettvedtaket frå desember har vi nytta maksimal auke av skattesatsane (opptil 1 promille) og ikkje jamn fordeling i heile overgangsperioden. Å fordele auken/reduksjonen i skattesatsen jamn over overgangsperioden, vil føre til at Sunnfjord kommune tapar i verste fall 4,6 mill. kroner i eigedomsskatteinntekter i 2020. Det er og uklart korleis retaksering med tilhøyrande fastsetting av skattesats vil slå ut frå 2021.
- Botnfrådrag skal vere likt i heile den samanslåtte kommunen frå første året i overgangsperioden. Av dei fire kommunane er det berre Jølster som har botnfrådrag med 100.000 kroner . Bortfall av dette utgjer auka inntekter på ca. 800.000 kroner.

Ikkje løyste utfordringar innan omsorg - budsjettavvik i 2020 på 13,7 mill. kroner

Nye ressurskrevjande tiltak frå hausten 2019 finansiert mellombels av eksisterande kommunar er det ikkje funne budsjettdekning for i Sunnfjord kommune 2020. Tiltak er sett i verk og kostnad må finansierast i innsparingsprosess våren 2020.

Utfordring er effekt av innsparingstiltak i 2020

Budsjettert innsparing

- budsjettutfordring i 2020 på 12,5 mill. kroner

Det er budsjettert og skal setjast i verk prosess for innsparing av 12,5 mill. kroner i 2020 og med årsverknad på 25 mill. kroner i 2021. I tillegg kjem innsparing for å finansiere uløyste utfordringar i omsorg. Det er ein risiko for at vi ikkje får effekt av tiltak i 2020 som kan medføre ytterlegare budsjettutfordring.

Andre budsjettavvik

- Gjennomført lønsplassering av einingsleiarar fom 01.01.2020 (grovharmonisering)
- Framforhandla legeavtale

Tiltak

Innsparingsprosess 1. kvartal 2020 – sjå omtale neste plansjar

Det er sett i verk vurdering av tilsetting i ledige faste stillingar - tilsettingsstopp frå 13.01.2020.

Økonomi – prosess Agenda Kaupang

Kommunestyret har vedteke at Sunnfjord kommune har eit årleg innsparingsbehov på 12,5 mill. kroner i 2020 og 25 mill. kroner årleg frå 2021.

I tillegg kjem uløyste utfordringar innan omsorg på 13,7 mill. kroner.

Kommunedirektøren set i gang eit prosjekt for å skaffe større økonomisk handlingsrom og handlekraft for omstilling og utvikling av kommunen. Det er utarbeidd ei ekstern økonomianalyse, der kommunale finansar, tenestekvalitet og kostnad er samanlikna med andre kommunar.

Det vert sett ned 3 arbeidsgrupper for å finne fram til gode utviklings- og effektiviseringstiltak.

Arbeidsgruppene leverer tiltakslistar til kommunedirektøren innan utgangen av februar 2020. Det vert lagt fram sak for politisk behandling av tiltaksliste i mars 2020.

Økonomi – prosess Agenda Kaupang

Prosjektleiing

Prosjektet er leia av styringsgruppe med kommunedirektøren og leiargruppa i Sunnfjord kommune samt hovudtillitsvalde.

Agenda Kaupang er valt som ekstern utgreiar og rådgjevar.

Assisterande kommunedirektør er prosjektleiar og kontaktperson for Agenda Kaupang.

Det er planlagt tre møter i prosjektgruppa:

- Tysdag 28. januar kl. 8-16
- Tysdag 11. februar kl. 8-16
- Onsdag 26. februar kl. 8-16

Økonomi – prosess Agenda Kaupang

Det vert lagt til grunn at kvar av arbeidsgruppene skal utgreie innsparingstiltak på 15 mill. kroner kvar.

	Kostra-gruppe 13	Potensiale	Nivå 40 mill	Nivå 50 mill	Nivå 60 mill
Administrasjon	7	7	3	4	5
Plan	4	4	2	2	3
Kyrkje	4	4	2	2	3
Brann	-	-	-	-	-
Samferdsel	11	11	5	6	7
Næring	2	2	1	1	1
Bustad	1	1	0	1	1
Arbeidsgruppe 1	29	29	13	16	19
Grunnskule	11	11	5	6	7
Barnehage	28	28	12	15	18
Kultur	-	17	-	-	-
Arbeidsgruppe 2	22	39	17	21	25
Pleie og omsorg	-	17	-	-	-
Barnevern	5	5	2	3	3
Helse	9	9	4	5	6
Sosial	5	5	2	3	3
Arbeidsgruppe 3	2	19	8	10	12
			-	-	-
Totalsum	53	87	38	47	57

Økonomi – prosess Agenda Kaupang

Arbeidsgruppe oppvekst og kultur

- Kommunalsjef skule Åge Stafsnes (leiar)
- Kommunalsjef barnehage Kristine Steindal
- Kommunalsjef kultur Hilde Bjørkum
- Einingsleiar skule – Per Inge Seime
- Einingsleiar barnehage – Sissel Elin Årdal
- Einingsleiar kultur – Johan Bengtsson
- 2 stk. tillitsvald; Stian Jakobsen Utdanningsforbundet og Janne Fugle Fagforbundet
- Rådgjevar frå Fagutvikling Merete Grimestad Birkeland
- Rådgjevar frå Agenda Kaupang; Bjørn Brox

Økonomi – prosess Agenda Kaupang

Arbeidsgruppe Helse og sosial

- Kommunalsjef omsorg Kirstin Bruland (leiar)
- Kommunalsjef helse Kurt Even Andersen
- 2 einingsleiarar helse; Knut Erik Folland, Magne Kjetil Berg
- 2 einingsleiarar omsorg; Una Holmelid og Mona Svalheim
- 3 tillitsvalde; Eli Fitje YS, Christine Toft Figenschou NSF og Elin Skaar Fagforbundet
- Rådgjevar frå Fagutvikling – Liv Janne Bell Jonstad
- Rådgjevar frå Agenda Kaupang, Einar Stephan

Økonomi – prosess Agenda Kaupang

Arbeidsgruppe teknisk og administrasjon

- Ass. kommunedirektør Lise Mari Haugen (leiar)
- Kommunalsjef teknisk og miljø Øyvind Bang Olsen
- 2 einingsleiarar administrasjon; Øystein Høyvik, Jan Birger Moe
- 2 einingsleiarar teknisk og miljø; Odd Harry Strømsli, Leif Halvor Kårstad
- 2 tillitsvalde; Marit Solheim YS og Oddbjørn Sellevoll Akademikarane
- Rådgjevar frå Fagutvikling; Gro Bjørvik
- Rådgjevar frå Agenda Kaupang, Sondre Lund